**Samnanger kommune**

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Kontrollutvalet
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
**Dato:** 13.05.2019
**Tidspunkt:** 14:00 – 16:15

**Følgjande faste medlemmer møtte**:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Anne Tandstad | Nestleiar | SP |
| Svein Verner Røseth | Medlem | FRP |
| Øystein Foss | Medlem | BL |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall**:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Brigt Olav Gåsdal | Leiar | AP |
| Vibeke Bohre Våge | Medlem | H |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Gisle Gardar Øye | Vibeke Bohre Våge | H |
| Bjarne Hauge | Brigt Olav Gåsdal | KRF |

**Merknader**

Nestleiar Anne Tandstad leia møtet.

**Andre som møtte**:

| Navn | Stilling |
|---|---|
| Knut Harald Frøland | Ordførar |
| Charlotte Hageberg | Rådmann (PS 15/19, 16/19, 17/19, 18/19 og 19/19) |
| Nina Erdal | Økonomisjef (PS 15/19) |
| Hilde-Lill Vaage | Assisterande rådmann (PS 18/19) |
| Janne Pedersen | Manager, Deloitte AS |
| Helge Inge Johansen | Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune |

Anne Tandstad
nestleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| PS 13/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 14/19 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte | | |
| PS 15/19 | Årsrekneskap 2018 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet | | 2016/38 |
| PS 16/19 | Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen | | 2018/7 |
| PS 17/19 | Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen | | 2014/240 |
| PS 18/19 | Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen | | 2014/240 |
| PS 19/19 | Psykisk utviklingshemma i kommunen - orientering frå rådmannen | | 2014/240 |
| PS 20/19 | Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Samnanger kommune | | 2016/79 |
| PS 21/19 | Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune | | 2016/98 |
| PS 22/19 | Revisjonsplan 2019 for Samnanger kommune | | 2016/38 |
| PS 23/19 | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval | | 2015/133 |
| PS 24/19 | Referatsaker | | |
| RS 3/19 | Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon april 2019 | | 2019/13 |
| RS 4/19 | Utvalet sitt kvarter | | 2014/240 |
| PS 25/19 | Eventuelt | | |
| PS 26/19 | Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om å starte prosess med konkurranseutsetjing | | 2014/238 |

## PS 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

## PS 14/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 04.02.2019

**Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 04.02.2019 vart samrøystes godkjent.

## PS 15/19 Årsrekneskap 2018 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap 2018.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 07.10.19. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Økonomisjef gjekk gjennom hovudtala i rekneskapen og at det blei eit overskot på ca. 1,2 mill. kr. Etter avsetting av dette til disposisjonsfond har kommunen om lag 7,6 mill. kr. på disposisjonsfond.

Rådmannen er nøgd med resultatet for 2018, og er klar over at det er tøft i einigane, då det stadig er innsparingar. Utfordring framover er at kommunen må prøve å produsere like gode tenester til ein lågare kostnad.

Revisor meddelte utvalet at det er levert ei rein revisjonsmelding. Revisor gjekk og gjennom revisjonsrapport nr. 9, og det som er påpeika der.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap 2018.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 07.10.19. for å gjera greie for kva som er / vil bli gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

## PS 16/19 Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i desember 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019

### Handsaming i møtet:

Kommunen har ansatt ein person som blant anna vil få i oppgåve å arbeide med dette feltet. Vedkommande er jurist og vil starte i jobben i juni i år.

Rådmann svarte på dei 7 spørsmåla, som er reist i saka.

1. Er det peika ut nokon som jobbar med personvernlov ? - nyansatt

2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar ? - nyansatt

3. Er det inngått databehandleravtalar, og er desse oppdatert ? - JA

4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar ? – Kjøper tenester frå IKT Nordhordland

5. Er personvernerklæringa oppdatert ? – Nyansatt vil få i oppgåve å gjere dette

6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem ? - JA

7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema ? NEI

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i desember 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

## PS 17/19 Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019

### Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om saka.

Kommunen har ei tverrfagleg gruppe som vurderer tildeling av avlastningsplasser.

Desse momenta vert mellom anna vurdert:

- om vedkommande får hjelp i heimen
- om vedkommande har meir tyngande behov for hjelp enn andre

Rådmannen meddelte og at ho må ha tillitt til at dei fagpersonane som sit i denne gruppa, at dei ut i frå ei faglege vurdering, vurderer dette.

Det vart vist til nokre enkeltsaker. Det er vanskeleg for rådmannen å gå inn i desse enkeltsakene.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

## PS 18/19 Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om ei ny orientering om internkontrollsystemet til første møte i 2020

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Assisterande rådmann orienterte om internkontrollsystema.

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet ber om ein ny orientering om internkontrollsystemet til første møte i 2020.

## PS 19/19 Psykisk utviklingshemma i kommunen - orientering frå rådmannen

**Forslag til vedtak**

Lagt fram utan forslag til vedtak

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Rådmannen orienterte om saka.

Kommunen har 13 personar som er innmeldt i 2019 og kommunen får tilskott for alle. Revisor har godkjent at dette er i orden.

Alle er kjent med vedtak. Når det gjeld om dei får tilstrekkeleg hjelp og tilrettelegging, antar rådmannen at dei får dette. Det ligg og informasjon på heimesida til kommunen, om dei treng hjelp.

Fleire har verge, usikkert om alle har. Nokre av vergene er familiemedlemar. Alle blir oppfordra til å ha verge.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar orienteringa til etterretning.

## PS 20/19 Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Samnanger kommune

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Sekretær orienterte kort om saka.

Det kom ikkje fram noko spesielt i saka.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

**Uttale:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at det er er gjeve eit pålegg etter den stadlege kontrollen hjå skatteoppkrevjaren men at dette pålegget er etterkome. Det har elles vore gjennomført lite arbeidsgjevarkontrollar.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018, og rapport frå stadleg kontroll 2018 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

## S 21/19 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Revisor presenterte uavhengigheitserklæringa. Det kom ikkje fram noko spesielt under saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe vedr. om Deloitte AS uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

## PS 22/19 Revisjonsplan 2019 for Samnanger kommune

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Revisor vil ha oppstartsmøte med rådmann og administrasjon tidleg haust. Revisor presenterte årsplanen og dei viktigaste risikoforholda i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.

## PS 23/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## PS 24/19 Referatsaker

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under referatsakene.

Vedtaket var samrøystes.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar referatsakene til orientering.

## PS 25/19 Eventuelt

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Det vart ikkje handsama noko under eventuelt.

**Vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

## PS 26/19 Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om å starte prosess med konkurranseutsetjing

**Forslag til innstilling**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 13.05.2019**

**Handsaming i møtet:**

Sekretær orienterte om saka, og at ein no må starte prosess med konkurranseutsetjing for kjøp av revisjonstenester for Samnanger kommune.

Kontrollutvalet diskuterte dette med fullmakt og om det er mogleg å ta dette inn i delegasjonsreglementet. Det er usikkert om dette kan gjerast ut frå bestemmelsene i kommuneloven.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**Innstilling:**

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

a. Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument.
b. Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
c. Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor,